

TIL POLITIKARANE I RADØY KOMMUNE

FRA DAGLIGVAREBUTIKKANE PÅ RADØY

ALKOHOLSALG PÅ JULAFTA

DAGLIGVAREBUTIKKANE PÅ RADØY BER MED DETTE POLITIKARANE I RADØY KOMMUNE OM Å TA EIN NY VURDERING PÅ OM DET KAN SELGAST ALKOHOL I BUTIKKANE PÅ JULAFTA 2018.

I FJOR GJEKK POLITIKARANE I RADØY INN FOR Å STENGA ALKOHOLSALGET PÅ JULAFTA. SAMTLIGE BUTIKKAR GJEKK KRAFTIG NED I OMSETNING PGA DETTE, FOR I AUSTRHEIM- OG LINDÅS KOMMUNE KUNNE FOLK HANDLE SÅ MYKJE ØL DEI VILLE PÅ JULAFTA. LINDÅS ER EIN AV KOMMUNANE ME SNART SKAL SLÅ OSS SAMAN MED. BØR DET IKKJE VÆRE LIKHET FOR LOVA I DISSE KOMMUNANE?

GRUNNEN TIL FORBUDET VAR AT EIN VILLE HINDRE FYLL PÅ JULAFTA. TANKEN ER SIKKERT GOD, MEN FUNKAR DET? HAR POLITIKARANE STATISTIKK PÅ KOR MANGE SOM BLEI REDDA FRÅ FYLL PÅ JULAFTA I FJOR PGA DETTE? HAR DEI EVT. STATISTIKK PÅ KOR MANGE SOM I FJOR HELLER KJØPTE OPP EKSTRA MYKJE ALKOHOL EIN DAG TIDLIGARE OG KANSKJE DRAKK SEG FULL BÅDE PÅ LILLE JULAFTA OG JULAFTA I STEDET?

I FJOR BLEI BUTIKKANE PÅ RADØY FRATATT SALG AV MATVARER TIL SKULAR, BARNEHAGE O.L. EIN SÆRS VIKTIG OMSETNING FOR BUTIKKANE KJØPES NO ISTEDET HOS MÅKESTAD, EIT FIRMA UTANFOR KOMMUNEN. PÅ TOPPEN AV DETTE KOM ALTSÅ FORBUDET OM ALKOHOLSALG PÅ JULAFTA. SKAL IKKJE POLITIKARAR OG ADMINISTRASJON LEGGE FORHOLDA TIL RETTE FOR BUTIKKANE PÅ RADØY? ELLER VIL DEI HELST AT ME LEGG NED? MAN KAN BEGYNNE Å LURA....

OM ØLSALGET FORTSATT SKAL VÆRE STENGT PÅ JULAFTA BER ME OM DOKUMENTERT STATISTIKK PÅ KOR MYKJE MINDRE FYLL DET BLEI PÅ JULAFTA I FJOR SOM FØLGE AV FORBUDET.

BUTIKKENES OPPFATNING ER AT EIT SLIK FORBUD HAR SÆRS LITEN EFFEKT PÅ Å HINDRE FYLL – MEN AT DET ER DEI 99 PROSENTA SOM TAR SEG EI ØL I ORDNA FORMER OG FOR KOSENS SKYLD FORBUDET RAMMAR MEST.

ME VENTAR PÅ TILBAKEMELDING.

RADØY 15/11-18


REMA 1000 MANGER


BUNNPRIS BØVÅGEN


BUNNPRIS AUSTMARKA


BUNNPRIS SLETTA


COOP EXTRA MANGER